



Trist



- **Sjå på denne guten her, kva slags følelse trur de han har?**
(Ja, han er lei seg eller trist. Akkurat som den blå figuren var.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at han blei så trist?**
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje han saknar nokon? Kanskje han ikkje fekk vere med i leiken?)
- **Kva trur de guten har lyst til no?**
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje har han lyst til å gråte eller gøyme seg litt? Eller kanskje vil han vere saman med ein av dei vaksne?).
- **Kva trur de dei vaksne på skolen kan gjere slik at guten føler seg litt betre?**
(Få forslag frå elevane, hjelp til ved behov. Den vaksne kan setje seg på huk og spørje om kva som skjedde? Eller gi ein god klem, og seie at det er lov å vere lei seg. Kanskje den vaksne kan spørje kva guten treng no?)
- **Kva trur de han tenker på?**
(Kanskje han tenker at han ikkje har lyst til noko, eller at han vil heim, eller kanskje han trur at han aldri skal slutte å vere trist? Når vi er triste får vi ofte vonde og triste tankar som gjer oss enda tristare.)
- **Finst det ulike måtar å vere trist på?**
(Ikkje alle får tårer, nokre blir stille trist, nokre blir trist med mykje lyd, alle måtane å vere triste på er like riktige og bra.)